



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Jobbnorge-ID: 283291
Søknadsfrist: 18.09.2025
Nettside: <http://www.nibio.no/>
Omfang: Heiltid
Varighet: Fast

🌱 Har du lyst å bli med og videreutvikle NIBIO Særheim - den grønne forskingsstasjonen på Jæren?

Administrativ koordinator

Nøkkelinformasjon

Vi søker deg som er strukturert og engasjert, og som ønsker å jobbe med varierte administrative oppgaver. NIBIO Særheim er ein stor forskingsstasjon med eit dynamisk og tverrfagleg miljø. Stillinga gir god mogelegheit til å bidra til effektiv drift og eit godt arbeidsmiljø ved stasjonen. Du vil få ansvar for eit breitt spekter av oppgaver.

Viktige oppgaver i stillinga

- Oppfølging av interne rutinar for planlegging og ressursbruk
- Ajourføring av databasar
- HMS-arbeid og oppfølging av Miljøfyrtårn-sertifisering
- Tilrettelegging og oppfølging av leigetakarar (kontor og jordareal)
- Oppfølging av kontraktar
- Drift av fellesfunksjonar, inkludert møte og arrangement
- Gjennomføring av arbeidsmiljøtiltak
- Bidrag til intern og eksternt informasjon om aktiviteten til stasjonen
- Bistand til andre oppgaver i NIBIO som heilskap ved behov
- IKT-kontakt for stasjonen

Graden av sjølvstendig ansvarsforhold kan sjåast i forhold til bakgrunnen din/din kompetanse, og har betydning for stillingskode og løn.

Kvalifikasjonskrav

- Utdanning innan administrasjon/økonomi på høgskulenivå. Særleg relevant erfaring kan kompensere for utdanningskravet.
- Erfaring med administrative støttefunksjonar og økonomi
- God digital kompetanse og erfaring med administrative dataverktøy
- Gode språkevner i norsk (eller skandinavisk) og engelsk, både munnleg og skriftleg

Det er ein fordel om du har

- Kjennskap til offentleg forvaltning
- Erfaring med budsjett og rekneskap
- Erfaring med informasjonsarbeid retta mot eksterne og interne målgrupper
- Erfaring med internopplæring
- Erfaring med HMS-rutinar og miljøsertifisering (t.d. Miljøfyrtårn)
- Kjennskap til kunnskapsbedrifter innan jordbrukssektoren
- Førerkort klasse B
- Erfaring som IKT-kontakt

Personlege eigenskapar

- Strukturert og løysingsorientert
- Gode samarbeidsevner og relasjonsbyggjar
- Sjølvstendig og initiativrik
- Serviceinnstilt og fleksibel
- God formidlingsevne, både skriftleg og munnleg
- Evne til å handtere mange oppgaver samtidig og prioritere effektivt

Vi tilbyr

- Moglegheit til å jobba med eit viktig samfunnsoppdrag med fokus på berekraft og framtidretta prosjekt

- Utfordrande, spennande og varierte oppgåver i tverrfaglege team
- Ein fleksibel kvardag med moglegheit til å påverka egne arbeidsoppgåver
- Eit sterkt fagmiljø med gode kollegaer
- Ein raus personalpolitikk med velferdsordningar og fokus på dei tilsettes ulike livsfaser

Stillinga er plassert i det statlege lønsregulativ som førstekonsulent (kode 1408), seniorkonsulent (kode 1363), eller rådgivar (kode 1434), årsløn kr 505.000 - 680.000. Løna og kode blir vurdert etter utdanning og erfaring.

Medlemskap i Statens Pensjonskasse, noko som inneber ei god tenestepensjonsordning, yrkesskade- og gruppelivsforsikring, og tilbod om bustadlån til ei gunstig rente.

Les meir om NIBIO som arbeidsgjevar her: [Jobb i NIBIO](#)

Korleis søkja på stillinga

CV sendar du elektronisk via lenkje på denne sida, "søk stillinga".

I staden for søknadsbrev ber vi deg svare på nokre spørsmål.

Vitnemål og attestar skal takast med ved eit eventuelt intervju, eller leggjast ved elektronisk.

NIBIO gjennomfører bakgrunnssjekk på aktuelle kandidatar via samarbeidspartnaren vår Semac AS.

Video: <https://youtu.be/6mZySoUgD2Q>

Andre opplysingar

Vi legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppmodar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, hol i CV, nasjonal eller etnisk bakgrunn.

Som statleg verksemd har vi moglegheit til å gi ein positiv særbehandling for søkjarar som har funksjonsnedsetjing, hol i CV eller innvandrarbakgrunn. Positiv særbehandling inneber mellom anna at du lettare vil komma til intervju.

Les meir om dette [her](#).

Vi gjer merksam på at opplysingar om søkjaren kan verte gjorde offentlege, jf. Lov om rett til innsyn i dokumenter i offentlig verksemd (offentleglova), § 25. Ein søkjar kan be unntak frå oppføring på den offentlege søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følge, vert søkjaren varsla om dette.

Om NIBIO og avdelinga på Særheim

NIBIO arbeider med landbruk, mat, klima og miljø. Vi leverer forskning, forvaltingsstøtte og kunnskap til bruk i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet elles.

NIBIO har hovudkontor i Ås i Viken, har om lag 750 tilsette, og er til stades i alle landsdelar. Landbruks- og matdepartementet er eigar av NIBIO.

[NIBIO Særheim](#) ligg sentralt plassert i Rogaland sitt jordbrukslandskap og har grovfôr, veksthus og grøntanlegg som sentrale arbeidsområde. Koplinga mellom teknologi og biologi gir spennande utvikling for jord- og hagebruket for morgondagen.

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Ståle Undheim, Stasjonsleiar
Telefon: +4747317001 | E-post:

Arbeidsstad:

Postvegen 213 4353 Klepp Stasjon (Klepp Kommune)